



Arkivnr: 2014/23249-12

Saksbehandlar: Johan J Meyer

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hovudarbeidsmiljøutvalet		12.05.2017
Administrasjonsutvalet		18.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

#### Revisjon av dei etiske retningslinene

##### Samandrag

Fylkesrådmannen viser til vedtaket i sak PS 76/2016 (4. oktober 2016) der «Fylkestinget ber om at gjeldande retningsliner for folkevalde og tilsette vert gjennomgått av ei arbeidsgruppe oppnemnt av administrasjonsutvalet. Administrasjonsutvalet valde å behandle saka i plenum i møte 15. februar i år med spesielt fokus på dei tilsette sin ytringsfridom. Innspela frå dette møtet er lagt inn i utkastet som no ligg til behandling.

##### Forslag til innstilling

Utkast til reviderte «Etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune (dato 8.mai 2017)» vert gjort gjeldande som etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

##### Vedlegg

- 1 Etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune (til FT juni 2017)

## Fylkesrådmannen, 08.05.2017

I utkastet som ligg til behandling er alle dei føreslårte endringane gjeve med understrekning. I tillegg er det gjort nokre språklege justeringar og forbetringer. Her vil vi kort grunngje dei einiske endringsforsлага.

### Pkt 2.2.: Openheit og ærlegdom

Særstakt mykje førebuande saksbehandling skjer gjennom utveksling av e-postar. Av omsyn til prinsippet om meiroffentlegheit vil fylkesrådmannen foreslå at dei etiske retningslinene understrekar at all relevant dokumentasjon i saker som er til behandling skal vere formelt registrert.

### Pkt 2.4: Innkjøp og forretningsdrift

I den offentlege debatten kring korruptionssaker er temaet «påvirkningshandel» no brakt fram som ei alvorleg utfordring. Problemstillinga vert adressert i den nye formuleringa under dette punktet: «for å hindre ... utilbørleg påverknad av avgjerdstakarar»

### Pkt 2.5: Habilitet og interessekonfliktar

Det er viktig å nytte omgrep som ein er fortruleg med i daglegtale, difor har dei tillitsvalde mellom anna bedt om at overskrifta vert endra frå «Gildskap» til «habilitet».

Dette punktet er også endra for å gje betre samsvar mellom statens sine etiske retningsliner og dei som skal gjelde for fylkeskommunen med omsyn til handsaming av det å ha «bierverv» utover løn frå hovudarbeidesgjevar Hordaland fylkeskommune.

Et særskilt spørsmål vil vere om opplistinga også skal spesifisere omgrepet «styreverv». I utkastet står det opent. Med formuleringa «styreverv...av noko omfang» vil det likevel gå fram at formuleringa meir tar sikte på å omfatte styrevervet i eit aksjeselskap enn til dømes styrevervet i ei lokalavdeling av eit politisk parti.

### Pkt 3.2: Teieplikt

Under dette punktet vert det presisert at tidlegare tilsette i fylkeskommunen ikkje kan eller skal ha tilgang til opplysningar som er underlagt teieplikt.

Det vert vidare innskjerpa at tilsette ikkje utan sakleg grunn skal kunne undersøke i det fylkeskommunale arkivet etter opplysningar som underlagt teieplikt.

### Pkt 3.3. Ytring og lojalitet

Overskrifta er endra for å løfte fram omgrepet «ytring» i tillegg til lojalitet.

I første delen av forslaget vert ytringsfridomen for tilsette omtala. Omrepa «i dialog» og «kompetent» vert nytta for å utdjupe og kople desse verdiane opp mot dei positive sidane ved ei open ytringskultur i samfunnet.

I siste delen vert det presisert at lojalitetsplikten vil vere strengare for tilsette i sentrale stillingar, og friare for den som er tillitsvald og som handlar på vegner av sine medlemar.

### Pkt 4.1. Sosiale media

Ei tilvising frå pkt 4.2. til pkt 3.2 og 3.3. var ikkje nødvendig og er fjerna.

### Pkt 6 Ansvar

Det vert understreka og stadfesta ein aktivitetsplikt for leiaren til aktivt å syte for at dei tilsette er kjende med innhaldet i dei etiske retningslinene.

I det gjeldande retningslinene er det ikkje sagt noko om konsekvensar ved brot på dei etiske retningslinene. Dette vert no endra ved å ta inn den avsluttande setninga.